

**Samarbeidsavtale mellom
Øystre Slidre kommune og
hyttelag/hyttevellag
i kommunen**

Bakgrunn

Øystre Slidre kommune er ein kommune med mange hytteeigarar/deltidsinnbyggjarar, og utbygging og bruk av hyttene i kommunen er ei viktig næring. Øystre Slidre har mange kvalitetar som hyttekommunen, noko som er samanfatta i slagordet til kommunen: Øystre Slidre – Rein naturglede. Kommunen ønskjer å legge til rette for at deltidsinnbyggaren trivst og brukar hytta si ofte, gjerne så ofte at hytteeigaren vel å flytte og bu på hytta som heiltidsinnbyggjar. Gode og velfungerande hyttelag/hyttevellag er viktig for å vidareutvikle Øystre Slidre som ein god hyttekommune. Føremålet med denne samarbeidsavtalen er å legge til rette for eit godt samarbeid mellom kommunen og hyttelaga/hyttevellaga.

Partar

Partar i denne avtalen er Øystre Slidre kommune og hyttelaga/hyttevellaga i kommunen. Ved inngåing av denne avtalen er følgjande hyttelag/hyttevellag part i avtalen: Beitostølen Hytteforening, Javnlie Vel, Vangsjøen Vel, Øystre Beitostølen Vel, Garlivegen Hytteeierforening, Lukseråsen vel, Midthögde og Søndre Rennsenn Vel, Øyangen vel. Når nye hyttelag/hyttevellag vert etablert i kommunen skal dei kunne slutte seg til denne avtalen.

Hyttelaga/hyttevellaga utnemner ein kontaktperson for laga. Ved inngåing av denne avtalen er Petter Knudsen, e-post: petter.a.knudsen@gmail.com kontaktperson for laga.

Samarbeidsforum

Partane har møte to gonger i året, eit om våren og eit om hausten, eller etter behov. Kommunen kallar inn til møta etter framlegg om møtedato frå kontaktpersonen for laga. Frå kommunen møter ordførar, rådmann og ev. andre frå administrasjonen som rådmann ønskjer skal delta. Frå hyttelaga/hyttevellaga møter leiar i laget, eller den leiar ønskjer skal møte i sin stad. Kommunen leiar desse møta og kontaktpersonen for laga skriv referat frå møta. Møtereferatet vert godkjent av kommunen.

I desse møta vert m.a. følgjande saker orientert om eller drøfta:

- Planar (kommuneplan/kommunedelplan, reguleringsplanar, temaplanar) med relevans for hytteeigarar.
- Investering og drift av infrastruktur knytt til hytte-områda t.d. veg, turvegar/løyper, renovasjon, vatn og avløp, breidband.
- Økonomiplan og budsjett (m.a. eigedomsskatt) med relevans for hytteeigarane.
- Helse- og omsorgstjenester for hytteeigarane.

Kontaktpersonen for laga melder inn saker til møta seinast 14 dagar før kvart møte.

Andre samarbeidsområde


Når kommunen har planar som er ute til høyring vil kommunen orientere om dette på nettsida til kommunen og hyttelaga/hyttevellaga er velkomne til å gje høyringsinnspel. Kommunen vil orientere om planprosessen for kommuneplan/kommunedelplan i møta mellom partane og ved epost til kontaktpersonen for hyttelaga.

Dersom kommunen har behov for å sende ut informasjon, epost eller liknande til alle hytteigarane i kommunen vil hyttelaga/hyttevellaga bistå ved å sende slik informasjon ut til medlemmene gjennom sine kanalar.

Heggenes 31.12.2019

Øystre Slidre kommune



v. ordførar Odd Erik Holden


v. rådmann Jostein Aanestad






Beitostølen Hytteforening



Javnlie Vel


Vangsjøen Vel


Øystre Beitostølen Vel


Garlivegen Hytteierforening


Lukseråsen vel


Midthøgde og Søndre Rennsenn Vel

Øyangen vel

